

Sveio kommune
Postboks 40
5559 SVEIO

Vår dato: 29.08.2024

Vår ref.: 202401425-11 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Endra AS - Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Nesse solkraftverk – Invitasjon til synfaring og folkemøte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing frå Endra AS for Nesse solkraftverk. Anlegget er planlagt i Sveio kommune, Vestland fylke.

Frist for å senda høyringsfråsegn er 25. oktober 2024.

Søknaden

Endra AS søker etter energilova § 3-1 for å bygga, eia og driva Nesse solkraftverk. Solkraftverket er planlagt med ein installert effekt på 11,2 MWp og ein forventa årleg energiproduksjon på 10,2 GWh. Dette svarer til årsforbruket til om lag 510 husstandar.

Planområdet for solkraftverket er på 146 dekar og består i dag av innmarksbeite og skog. Det er planlagt at solkraftverket skal kombinerast med beiteformål.

Søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på nettstaden til NVE:
www.nve.no/18251/A8.

Invitasjon til offentleg møte og synfaring onsdag 11. september

NVE inviterer alle som er interesserte til å vere med på synfaring av planområdet onsdag 11. september. Oppmøte blir kl. 14.00 ved Nessevegen 238, 5550 Sveio. Vi tilrår alle om å kle seg etter vêrforholda.

NVE arrangerer også offentleg møte same dag kl. 18.00. Møtet finner stad i Sveio kommunehus, Sveiogata 70, 5550 Sveio.

NVE vil orientera om behandlinga av søknaden. Endra AS vil presentera sine planar. Møte og synfaring er opne for alle.

Møte med lokale og regionale styresmakter

NVE vil ha eit eige orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter onsdag 11. september kl. 12.00 på Sveio kommunehus, Sveiogata 70, 5550 Sveio.

NVE vil orientere om behandlinga av søknaden. Endra AS vil vere til stades og presentere sine planar. Me håper på brei deltaking frå politisk leiing og administrasjonen i Sveio

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



kommune, inklusive representantar frå det faste utvalet for plansaker. Representantar frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er med dette inviterte til møtet.

Høyringsfråsegn

I samband med høyringa av konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing ønskjer NVE innspel på mellom anna følgande:

- Kva meiner du/de om planane til Endra AS?
- Er konsekvensane godt nok greia ut?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere eventuelle negative verknader av tiltaket

Høyringsfråsegn kan sendast via nettstaden til NVE for denne saka (www.nve.no/18251/A8), til e-post nve@nve.no (merk e-post med «Høringsuttalelse 202401425» og legg ved namn/organisasjonsnummer) eller via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Frist for å sende høyringsfråsegn er **25. oktober 2024**.

Informasjon til kommunen

Me ber om at Sveio kommune legg ut søknaden til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjera høyringa, synfaringa og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Me ber også kommunen om å leggja søknaden og informasjon om det offentlege møtet ut på sine heimesider og ev. andre sosiale medium og å orientera aktuelle utelatne lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m.m. om høyringa.

Informasjon til tiltakshavar

NVE pålegg hermed Endra AS om å orientera naboar og gjenbuarar. Med naboar meiner vi naboieigedom: eigedom som har felles grense med tomta som er planlagt bygd ut, og med gjenbuareigedom: eigedom kor ein veg, gate, elv eller liknande ligg imellom.

Me gjer merksam på at utgiftene ved kunngjering og møte i samband med høyring av søknaden skal dekkast av tiltakshavar, jf. plan- og bygningsloven § 14-5.

Med helsing

Brynhild Resell
seniorrådgivar

Jo Arne Marvik
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Sveio Idrettsråd
Sveio næringsforum
Sveio sau og geit
Urhaugtunet vel
Sveio bondelag
Sveio bonde og småbrukarlag
Vigdar grunneigarlag
sveio jakt fiske og naturvernlag
Naturvernforbundet Haugaland
STATENS VEGVESEN
Sveio kommune
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Sveio Orienteringslag
Norges Skogeierforbund
Norsk solenergiforening
Friluftsrådet Vest
Sveio jakt-, fiske- og naturforening v/ Vidar Høyland
Sveio turlag v/ Kjell M. Bua
Landbruksdirektoratet
FAGNE AS
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



OFFSHORE NORGE AS
NHO LUFTFART

Kopimottakarliste:
ENDRA AS